

## Nei til fossil cruisetrafikk

Den fossile cruisetrafikken må avviklast, og hamnene i Noreg stengjast for forureinande cruiseskip.

Kvinnherad kommune må avvikla all støtte til denne forureininga.

Cruiseskip er flytande hotell med enorme energibehov, og per i dag baserer ein seg i all hovudsak på fossil energi (olje og diesel). Dette medfører store klimagassutslepp og lokal forureining.

Klimagassutsleppa frå cruisenæringa utgjer omlag 21 millionar tonn karbondioksid (CO<sub>2</sub>), 25 prosent meir enn det totale utsleppet frå all transport i Noreg. Svært mange av dei mest forureinande cruiseskipa kjem til landet vårt, og Kvinnherad kommune applauderer dette med å auka støtta til Cruise Destinasjon Hardangerfjord frå 40.000 kroner per år til 120.000 kroner. Pengane skal i all hovudsak brukast til å få endå fleire cruiseskip inn i Hardangerfjorden.

Innovasjon Norge har slått fast at ca. 3,6 millionar cruiseturistar, fordelt på over 2.000 cruiseanløp, tok turen innom norske byar, bygder og fjordar i 2018. Cruisepassasjerane legg sjølv sagt igjen pengar, men langt mindre enn mange trur. Fleire studiar viser at ingen turistar i Noreg legg igjen mindre pengar enn nettopp cruiseturistane. Derimot legg dei igjen store fossile og miljømessige fotavtrykk.

Dei miljømessige konsekvensane av cruisenæringa kan ikkje lenger forsvarast, og Miljøpartiet Dei Grøne krev nullutsleppsløysingar for alle cruiseskip som vitjar norske hamner og fjordar. Skip som ikkje oppfyller desse krava bør stengjast ute frå norsk farvatn.

Når det gjeld utvikling av nullutsleppsløysingar i cruisenæringa, vil Miljøpartiet Dei Grøne ha ei offensiv satsing på grøn innovasjon. Me støttar difor aktivt opp under BKK sine særspanande planar om å etablera eit utviklingssenter for grøn teknologi i kommunen. Dette utviklingssenteret var sterkt medverkande til at me stemte som me gjorde i Kvinnherad Energi-saka. Viktige grøne satsingar i Kvinnherad vil vera hydrogenproduksjon basert på fornybar vasskraft frå Folgefonna, og elektrifisering av mellom anna cruiseflåten. Saman med lokale, regionale og nasjonale aktørar ser me her gode sjansar for å etablera nye framtidssikrte grøne kompetansearbeidsplassar i kommunen.

Ta vare på miljøet – stem Grønt ved valet i september!

**Jostein Saghaug og Matthias Zimmermann**  
MDG - Miljøpartiet Dei Grøne - Kvinnherad